

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

71.

Emnenr.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gyland

Emne: Gifteferdig ungdom

Bygdelag:

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland

Gard: Nuland.

(adresse): Nuland p.å

G.nr. 78 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Delvist etter gamle sogemenn, delvis som eg minnest.

SVAR

Dei gamle fortalte, at det mykje gott var foreldri som fann utt passande ektemakar til borna sine. Då bygda har bare vanlege bondelolk, så vår det mest vanleg, å finna gifta si mellom bondefolket. Gardgjenter var sterkt i vinden for vel 100 år sidan, Det er eit ordtak: Det er torva som giftar slurva, hadde gjenta gard, så fekk ho friar, sjøl om ho var mindre mæten ellers. Det er heilt slutt med dette nå den siste mannsalder. Ungdomen er vorten så sjølstendig, dei vil rå slikt sjøl. Var det ætter som hadde gamal skyldskap, så var det meir ættekjensle og skyldskapen vart halden meir oppe enn nå, og det førde titt til nye giftermål, Var det velvyrde bondefolk lika dei å finna maken sin mellom gode ætter i bygda eller kjende ætter i andre bygder. (7) Nei, ikkje i mi tid. (8) Nei, 10) Det gjeng ann med syskenborn. Det har hendt, at ei gjenta har gifta seg med onkel sin, men måtte då ha Kongelegt løyve. Har også hendt, at gutt har ekta enkja etter sin bror, men måtte då og løysa Kongebrev. Å gifta seg med tremeningar var ikkje noe gale. Å gifta seg for nærskyld og helst når dette vart gjort fleire gonger, trudde dei førde til svekka intelegens. Var det gutar som viste seg dugande, så kunne han nokk verta godteken som friar, sjøl om han var av fatigfolk. Det er sagn om at dei nytta belemenn, Eg minnest 2 brør, som det vart fortalt om, at den eldste hadde huglagt ei gjente og bad brorsin fria til henne for seg, men han fridde til gjenta for seg sjøl og fekk ja, Så skunda den eldre seg avsted og fekk seg ei anna festermøy og fekk istand brudlaupet fyrr det andre paret.... Eig gut frå Seland i Gyland, var saman med andre ungdomar til Bakkekyrkja. Der såg han ei gjenta som han tykte var

14425

2

så greid. Han fekk spurt ut at ho var frå Skibeli i Bakke. Så sende han ein belemann. Då denne kom i heimen, sat gjenta og spann. Han gav seg så i prat med henne og spurte om ho kunne både spinna og veva? og vølde vita kva ho dugde til fyrr han bar ærindet sitt fram. Gjenta tykte dette bar imot, ho svara tvert og avvisande og dett blei til det at han fekk nei på friinga.

Men då han kom attende med denne tidend, reiste guten sjøl, og då gjekk det gott. Ko heitte Karen Eiriksdotter og var ung kone på Seland i 1801. Ho er stammor til forfattaren Hans Seland. (19) Det hende nokk at gutarne såg på midelen og tok ei gjenta som var eldre når ho hadde pengar. Eg minnest ein ~~XXXXX~~ mann som gjorde dette. Far hans hadde kome i stor skuld til ein ågerkarl i bygda, som tenkte å slå til seg garden for godt kjøp.

Men guten, som var 19 år, tok ei gjenta ove 40 år, som hadde sju tjug speisidalar, og fekk berga garden ~~XXX~~ or klørne på panthavaren. (20) Det er sagn om varsel, at ungdomar jolaftan gjekk Jolestol, og fekk sjå kven dei skulde bli gifte med. Men det var bare sagn, eg veit ingen som har prøvt det. (23) Gutar og gjenter gjekk skjeldan saman openlyst som kjerastefolk, Dei lurte seg saman om kveldane og netterne,

Nattefriing er kjent. Det turde ikkje vera noe usømeleg med det. Guten tok gjerne avsted om natta og fekk tala ut med gjenta, og fekk hennar vilje å vita fyrr andre fekk nasi burt i det. Fram til kring 1900 gjekka alle til kyrkje og på heimvegen blei gutane og gjentone etter og kom gjerne heimatt langt på natt. Ei kona sa om dotter si: Ingeborg var kje gamal gjenta fyrr ho blei lenge på kyrkjevegennnnn. Det var ei gott merkje, når gjentone blei hefta på heimvegen. Det var nokk også i seinare tid funne på moro med slikt nattelauping.

Når nokon var ute lenge og kom inn seint, lurte dei seg så stille som råd var, for att dei som heime var ikkje skulde få greie på kva tid dei kom inn om notti. Men då var det også høve til moro. Dei hengde ei bjølla slik, at når den som kom lurande glytta på døri, så fall bjølla i golvet og heile huset vakna og fekk vita kva tid dei kom. Ein gut hadde huglagt ei gjemte og vitja henne om notta. Faren var imot denne friaren og bror hennar var ein spiloppmakar. Så var det eigong guten hadde kome seg inn på loftet der gjenta låg, og foreldri låg nede i stova. Loftstrappa var laus, så tok broren og flytta trappa til sides og så varsla han faren, at nå var guten på loftet. Faren blei vond og tok til å bråkq, guten vilde

skunda seg ut, og sprang i myrket der han var vant med at trappa stod, men rusa då ned i fostova.....

(27) Gutane hjalp kvarandre. Eg kjende 2 gutar som var ute på slik nattefriing. Det var noe lang veg til der gjentone var, så tok dei øyken av gamm Ola og køyrd avsted. Dei laut ha seg heimatt så tidleg at ho var på stallen når eigaren stod opp. Han som var med har sjøl fortalt det. Eg hadde såvidt fenge stilla meg opp og lagt meg på loftet, så reis far opp og gjekk for å stulla øyken, Så kom han straks innat og sa til mor, så eg haurte det. Eg veit kje koss det he seg Øykjen stend så sveit så fæn på stadlen.....

Gjentone hadde gjerne kokte egg med seg i lomma når dei var til kyrkje. På heimvegen så handfor gutane slike for å finna egg, og dei læsta som dei var så redd for dei, men gutane visste at dei lika å bli krysta noe og difor var dei ikkje så imot å bli røva for egg.....

(51) Smågåvor var vanleg, brunt sukker kunne gjera nytte. Var dei komne sålangt at dei var trulova, så laut det verdfullare ting til, Ei klokke, ei pen brosje, og så tilslutt ring. Det var ikkje alltid guten hadde ring, men gjenta laut ein festa med ring.

(57) Me här lite sætrar i Gyland.

61) Det er ukjent i mi tid, men det er fortald at ein mann på garden Grytteland i Gyland, lyste opp på kyrkjebakken, at dotter hans vilde gifta seg. Så kom Ulv Strandeli frå Bakke, som friat, og fekk gjenta.

Ulv Grøtteland vart sidan eit kjennt namn i Gyland kting 1750. (64) Det var kvileplassar, som dei helst på heimvegen frå kyrkja sat å rødde saman og ved vegsjilder det var leikeplassa, hadde dei dans og moro.

(70) Stabbedans er ukjent her, men det er sagn om at der var flate steinar, som kallast Bruesten, og der skulde brud og brudgom dansa saman når dei kom heimatt frå vigsla. XXX 78) Ukjent i mi tid. 80) ukjent.

88) Jonsokkvelden var ungdomen gjerne ute og tente bål og hadde moro. Det var i mi tid ikkje mykje dans, men me sprang sisten, la bom,, slo ball, jeppa, slo Munk. Var ein inne, baud me gåter, tok blindingstjuv, song viser, m.m. Det var mykje i bruk å gå til nabokyrkjerne,

Då var ein mange i selskap, fekk liggja i løer og fekk vera ilag på vegane. I Bakke var det ein preken kvar haust, dei kalla moltepreken, då folk hadde vore i stølane og funne molter og hadde med seg til kyrja og selde, så kjøpte gutane og spanderte på gjenterne. Der var også murel og kirseber.

Autentisk språk

Om hausten når ein bakte flatbrød i fleire viker, så fan ungdomen på garen på å koma saman og hjelpa til med å skula jordepler, då gjekk dei frå den eine til den andre for å få vera mange i saman og ha litt moro. Dei gamle fortalte sogor, om bjørn og skrubb og andre slikt som dei unge lika høyra om. Så skar me tunne skiver av jorepler og la på bakstehella og steikte. Dei var svert gode. (111) Roksmann kalla dei den mann eller gutt, som først kom inn i huset etter Jula, når gjentorne hadde teke til å spinna. Han skude gjerne ha ei gåve, Eit på smøygde sokkeband, X^{a} o, l. Låvedumpa er ukjent her. 128) Det var vanleg seiemåte at gjentone kunne fri når det var skotår, men veit ikkje om det vart gjort.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14425